

Til ungdomsskulane i Hordaland

Dato: 10.01.2019
Vår ref.: 2018/14541-19
Saksbehandlar: metdal1
Dykkar ref.:

Innsending av karakterar for halvårsvurdering (1. termin). Inntaket til vidaregåande skular, skuleåret 2019/2020

Ungdomsskulane må også i år rapportere karakterane for halvårsvurdering for **alle** elevar i 10. klasse, til Inntakskontoret. (Merk at også karakterar i fag som er avslutta tidlegare enn 10. klasse skal rapporterast).

Grunngjevinga for å få inn karakterane for halvårsvurdering (1. termin) er å kunne planlegge eit best mogleg utdanningstilbod for elevane våre, basert på elevane sine kurs-/skuleønskje pr. 1. mars 2019.

Karakterane skal sendast gjennom vigo innsamlingsportal. (www.vigo.no/vigor/servlet/main).

For å kunne rapportere til Vigo **må** versjon 1.3.2.0 (24. mai 2018) vere lagt inn i datasystemet. Ta kontakt med systemansvarleg i kommunen dersom du er usikker på dette.

Spesiell informasjon til skolar som på grunn av manglande datasystem ikkje kan overføre karakterane elektronisk:

Karakterane skal sendast slik:

- kopi av karakterprotokoll med påført fødsels- og personnummer (11 siffer) eller
- kopi av karakterskjema for den einskilde elev påført fødsels- og personnummer

Karakterane skal sendast til: Hordaland fylkeskommune, Inntakskontoret, Postboks 7900, 5020 Bergen. Sendinga bør vere rekommandert.

Innsendingsfrist: mandag 28. januar 2019.

Inntakskontoret sin kontaktperson i høve til det reinte tekniske med karakteroverføringa er Elin Meyer Wikan, tlf. 489 97 384, e-post: elin.wikan@hfk.no

Med helsing

Elin Meyer Wikan
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.